



# Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Trond Leikvoll

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/1226 - 18/16335

Saksbehandlar:  
Andreas Granli  
Andreas.Granli@radoy.kommune.no

Dato:  
09.11.2018

## Svar på søknad om tilleggsløyve

Søknad om skadeløyve på Mongstad, vald 1264V0004

### Bakgrunn:

Det er søkt om løyve til å ta ut ytterligere 5 dyr på Mongstad inneværande sesong. Søknaden er begrunna med at det er trekt inn fleire dyr enn det er tatt høgde for i bestandsplan. Valdet har fylt kvoten for 2018. Med bakgrunn i årets vekstsesong og fokuset på sjukdommar på hjortevilt, har landbrukskontoret vurdert søknad om tilleggsdyr på Mongstad med hensyn til dyrevelferden.

### Saksutgreiing:

Arealet på Mongstad er ikkje som andre vald i kommunen i det at det er opent for dyr å symje inn frå sjøside, mens industriområdet elles er inngjerdet. Det er difor tilsig av dyr, mens det er vanskeleg for dyra å finne vegen ut igjen. Det har tidligare vist seg å vare utfordrande å jage dyr uta av området

Søkar har anslått antall dyr til å vare mellom 20 og 23 individ. Dette er for mykje på eit så avgrensa område og det vil føre til behov for tilleggsforing gjennom vinteren for å unngå overbeite. Landbrukskontoret vurderar at det er for mange dyr inne på området og at tilleggsforing ikkje er ein berekraftig løysing på problemet. Det er difor vurdert at det er betre dyrevelferd å ta ut fleire dyr inneværande haus i staden for å risikera å utsetja dyra for lidelsar gjennom vinteren. Det er og vurdert at matmangel kan få hjorten til å bevege seg meir og til område der den vanlegvis ikkje ferdast. Ein slik endring i adferd kan utgjera ei fare for skade på eigedom, samt fare for sikkerheit for dei ansatte på basen og for hjorten.

Prinsippa i Naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde, jamfør Naturmangfaldslova § 7.

## § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Hjorten inne på Mongstad er truleg den hjorten me har mest kunnskap om i Nordhordland. Den har vore forska på og det opne landskapet kombinert med engasjerte jegerar gjer at me har god kunnskap om antall, kjønn, alder og helse på dyra. Kommunen og jegerane har og gode rutiner for oppfølging av bestanden i resten av kommunen gjennom registrering av sett hjort og årleg vårteljning. Landbrukskontoret urderar kunnskapsgrunnlaget som godt.

## § 9 Føre var prinsippet

Hjortestammen i Austrheim er levekraftig og er sikra god genetisk drift gjennom trekk til og frå kommunen. Det same er gjeldande for hjorten på Mongstad der det kjem til dyr utanfrå. Slik bestanden inne på Mongstad har utviklet seg ser ein at det er fare for naturmangfaldet gjennom overbeite og at mindre beitetålande artar går ut. Det vert difor vurdert at det er til det beste for naturmangfaldet at det vert felt fleire dyr.

## § 10 Økosystemtilnærming

Det er ikkje snakk om å fjerna stammen eller gjera andre inngrep i naturen på staden. Det er difor vurdert at økosystemet ikkje vil bli målbart påverka av tiltaket. § 11 og § 12 er vurdert til å ikkje vare relevante for tiltaket.

Uttaket vil ikkje ha merkbar innvirkning på hjortebestanden i Austrheim kommune. Det er tidligare gjort forsøk på å jage hjort ut frå området, utan suksess. For å unngå å stresse dyra unødig mykje, og for å sikre at dyr ikkje vert utsatt for unødig lidelse gjennom vinteren, gjev kommunen løyve til å ta ut ytterligere 5 dyr i inneværande sesong.

### **Vedtak:**

Søkar får løyve til uttak av ytterligere 5 hjort i inneværande sesong. Løyvene er gitt med heimel i Lov om dyrevelferd § 12 og Lov om forvaltning av naturens mangfold § 17 femte ledd, § 18 bokstav b og c.

**Løyve gjeld: Hanndyr: 2 stk vaksen bukk/spissbukk, 2 stk kolle/ungkolle og 1 stk kalv.**

### **Vilkår:**

- Deltakande jegerar skal ha betalt jegeravgift og ha avlagt godkjent skyteprøve for inneværande sesong.
- All felling skal foregå innanfor gjerdet på Mongstad.
- Felte dyr skal kontrollerast av godkjent viltkontrollør og slakta skal donerast til veldedige formål eller offentlege arrangement eller instutisjonar, som til eksempel aldersheim.
- Felling skal foregå i inneværande jakt sesong og avsluttast innan 23.12.18, men er ikkje del av ordinær jakt. Felte dyr skal meldast inn til kommunen fortløpande.
- Felling skal foregå etter same reglar som ordinær jakt.

- Jaktlaget må ha avtale med godkjend ettersøksekvipasje.

**Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

*Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b*

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt rådgjevar landbruk Andreas Granli.

Med helsing

Andreas Granli  
rådgjevar landbruk

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Trond Leikvoll